



Vigleik M. Ypsøy
Øpso 17
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/858 - 16/10601

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
27.05.2016

Søknad om oppføring av Saltebu/Naust, flytebrygge og kai på gbnr 50/3 på Ypsøy

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om oppføring av flytebrygge, kai og saltebod på gbnr 50/3 på Ypsøy. Søknaden kom inn 23.3.2016 og det er mottatt tre nabomerknader til tiltaket. Nabomerknadene er oversendt tiltakshavar, og kommentert.

Tirsdag 24.5.2016 var byggesak saman med landbruk på synfaring på eigdommen, det var i forkant varsla eigar og naboar om synfaringa, og det var mulighet for dei som ville å delta. Nabomerknadene som er komen inn skriftleg vil bli vurdert før kommunen gjev endeleg vedtak i saka. Men før saka kan handsamast ser vi at det er trong for ytterlegare dokumentasjon:

- Naustet/sjøboden som er omsøkt kjem over 50 m². Grunnflata er på teikningane oppgitt til å vera 44 m². Og det er teikna inn målbart areal i 2 etasje. I søknaden er det ikkje oppgitt korrekt BRA/BYA, og vi ber om at det blir sendt inn ein plan teikning av 2 etasje, som og viser utrekning av kor stort målbart areal det blir i 2 etasje, dette må og bli oppdatert i søknadsskjema.
- I søknadsskjema skal arealet av kaien og flytebrygga førast inn.
- Det går fram av TEK10 § 6-4 at kommunen kan godkjenne plassering inntil 1 meter frå nabogrense for bygg der verken samla bruksareal eller bebygd areal er over inntil 50 m². Omsøkt saltebu vert over 50 m² BRA og det krev difor samtykke frå nabo om løyve til plassering nærare eigedomsgrense enn 4 meter. Vedlagt ligg døme på erklæringsskjema som kan nyttast i slike saker.
- Planlagt flytebrygge er opplyst til å ha 4 båtplassar, og tiltakshavar opplyser i søknaden at det er leverandør for flytebrygga som skal etablere denne på eigdommen. I forhold til avstandskrav til nabo med flytebrygge og kai, må det presiserast at den ikkje vil koma i konflikt med nabogrense evt. må det ligga ved erklæring frå nabo.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningslova § 20-5 ligg føre. Dykkar søknad vert lagt på vent, i påvente av at etterspurt dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil saka verta teke fram til ordinær handsaming.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboerklæring - pbl § 29-4

Mottakere:

Vigleik M. Ypsøy

Øpso 17

5917

ROSSLAND